

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk		
Møtestad: Rådhuset	Møtedato: 21.05.02	Sak nr: 68/02

REGULERINGSPLAN FOR BRESSVIKA BUSTADFELT

Sakshandsamar: Konsulent Espen Elstad

Saksdokument: Kart og brev frå Tore Kvalheim, datert 14.05.02
Brev frå Radøy kommune, datert 21.02.02
Brev til Fylkesmannen, datert 01.02.02
Brev frå Tore Kvalheim, motteke 17.01.02
Referat frå synfaring 09.01.02
Vedtak i sak 126/01
Vedtak i sak 100/01
Vedtak i sak 66/01
Vedtak i sak 145/00
Fråsegn frå jordbrukssjef Gro Steine, dagsett 7.11.00
Fråsegn frå Bergen og Omland Hamnevesen, dagsett 11.07.00
Fråsegn frå Fiskeridirektoratet, dagsett 04.09.00
Fråsegn frå Magnar Kvalheim, dagsett 15.07.00
Fråsegn frå Reidar Opdahl, dagsett 28.08.00
Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune, dagsett 25.01.01
Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune, dagsett 02.02.01
Fråsegn frå Fylkesmannen i Hordaland v/landbruksavdelinga dagsett 30.01.01
Fråsegn frå Fylkesmannen i Hordaland, v/miljøvernavdelinga, dagsett 21.02.01
Fråsegn frå Statens vegvesen, dagsett 30.11.00
Fråsegn frå Kystverket, dagsett 21.12.00
Fråsegn frå Bergen og Omland Hamnevesen, dagsett 28.12.00
Fråsegn frå Fiskeridirektoratet, dagsett 28.02.01
Fråsegn frå Ragnhild og Erling Nordanger, dagsett 18.12.00
Fråsegn frå Bjørg Kvalheim, dagsett 01.01.01.
Fråsegn frå Magnar Kvalheim, dagsett 09.12.00
Fråsegn frå Rudolf Aleksander Wisnes, dagsett 29.12.00
Fråsegn frå Rasmus J. Kvalheim, dagsett 30.11.00

Vedtaksorgan: Hovudutval for plan, landbruk og teknisk.

Fakta:

Det ligg fortsatt føre motsegn til reguleringsplanen på Bressvika. Tore Kvalheim har den 14.05.02 levert kart som syner dei endringane han er villig til å gjera for å imøtekomme Miljøvernavdelinga.

Miljøvernavdelinga har i telefonsamtale med ordføraren gitt uttrykk for at dei har tre element som må gjennomførast for at dei skal trekke motsegna:

1. Flytebyggja må flyttast til naustområde med eksisterande molo.

2. Leikeplassen nede ved friluftsområde må takast ut av planen.

3. Tomt nr T6 må gå ut av planen.

I nytt framlegg frå sækjar er punkt 1 og 2 endra etter Miljøvernavdelinga sitt ønskje. Sækjar held likevel fast på tomt T6 og har ikkje ønskje om å ta denne ut av planen.

Vurderingar:

Sækjar har sjølv fått vurdert saka hjå advokat. Torkel Fure i firmaet Princewaterhouse Coopers DA har gjort ber hovudutvalet gjere endeleg vedtak i saka ettersom planen er endra etter miljøvernavdelinga sine merknader/motsegn. Ettersom brevet frå Fure ikkje vart registrert på saka før den 14.05.02 har ikkje administrasjonen rukket å ta stilling til hans vurdering av saka. Advokaten meiner at hovudutvalet no kan gjere eit endeleg vedtak. Administrasjonen vil likevel legge til grunn at det i heile prosessen, etter at vedtaket vart gjort i kommunestyret den 25.09.01, har vore dialog mellom Miljøvernavdelinga og administrasjonen. Det har såleis vore klart at det utnyttinga av strandsona som har vore vanskeleg å svelga for Miljøvernavdelinga. At motsegna no fortsett ligg føre er såleis ikkje på grunn av heilt nye element.

Når planen no kjem opp att i hovudutvalet er det eit punkt som skiller framlegget frå sækjar og Miljøvernavdelinga. Tomt T6 ligg fortsett i plankartet sjølv om sækjar er klar over at planen kan strande på denne.

Om det vert gjort vedtak i saka må det delegerast til administrasjonen å sikra at plankart og føresegner er samsvarande og juridisk korrekt.

Saka vert lagt fram til drøfting.

Handsaming i hovudutvalet

Leiar Odd Matre orienterte om saksgangen og meklinga.

Odd Matre sette fram følgjande framlegg:

Hovudutvalet godkjenner planframlegget slik det ligg føre frå utbyggjar, datert 14.05.02. Det vert samstundes sett krav om at tomtegrensa til tomt T6 ikkje går nærare sjø enn 25 meter. Etter hovudutvalet si vurdering hindrar ikkje ei slik utforming av T6 ålmenta sin tilkomst til området. Planframlegget slik det vert vedtatt, imøtekjem såleis motsegn, datert 21.02.01, frå fylkesmannen i Hordaland. Radøy kommune har ikkje motteke seinare skriv som set krav til utforming av planen.

Vedtak:

Hovudutvalet vedtok samrøystes framlegget frå Odd Matre.


Rett utskrift.

Radøy kommune, 30.05.02

Anne-Alise Thomassen
Anne-Alise Thomassen
e.f.

Går til: Tore Kvalheim, 5937 Bøvågen
Kopi til: Teknisk kontor/Mappe

SAK
68



14/5-2002

Dore Vrållén

Revis
Kvalha
Förslag till
Sv

Knappen!

renfärs till
Naustområdet

Småbåthavn

Båtopslag
14.1. 001

